



På sjømatmesse: Denne veka deltar fiskeriminister Elisabeth Aspaker (H) på verdas største sjømatmesse i Brussel.

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN

Fakta

Fiskeforhandlingar

* **Noreg og EU** forhandlar for tida om tollfrikvotar for norsk fisk til EU. Forhandlingane går parallelt med forhandlingar om ein ny femårsperiode med norske EØS-midlar til Europa.

* **Tollfrikvotane** det vert forhandlar om vert frå norsk side sett som kompensasjon Noreg har krav på gjennom Gatt-avtalen, som følgje av vekkfall av tidlegare frihandelsavtalar med dei fleste av dei nyaste EU-landa. EU har ikkje delt Noregs tolking av Gatt-regelverket, men har sagt seg viljug til å gi kvotar på vilkår av at Noreg syner samarbeidsvilje i forhandlingane om EØS-midlar.

* **Sidan EU-utvidinga i 2004** har Noreg framforhandla tollfrikvotar som har lege på mellom 144.000 og 170.000 tonn årleg til EU.

* FORHANDLINGAR

Nær resultat for fisken

Fiskeriminister Elisabeth Aspaker (H) seier det går mot innsjutt i forhandlingane om marknadstilgang for norsk fisk til EU.

– Eg håpar at når vi nærmar oss Sankthans, så skal vi vere nærare eit resultat.

Det seier fiskeriminister Elisabeth Aspaker (H) om stoda for forhandlingane om tollfrikvotar for norsk fisk til EU.

Forhandlingane om tollfrikvotar for fisk til EU går parallelt med forhandlingane om ein ny femårsperiode med norske EØS-midlar til Europa. Den norske regjeringa har gjort det klart at ei løysing om nye milliardbidrag til EU-landa føreset god marknadstilgang for norsk sjømat.

Aspaker, som denne veka er i Brussel for å delta på verdas største sjømatmesse, seier det nærmar seg innsjutt i forhandlingane.

– Det har vore nokre tøffe rundar, men vi har brukt tida godt frå vi starta å forhandle i fjor.

Vil ha full marknadstilgang
Fiskeriministeren seier Noreg har brukt alle bilaterale møte med forhandlingsmotpartar i EU til å understreke den nære kop-

linga mellom EØS-midlane og marknadstilgang for norsk fisk.

– Eg er optimistisk, men slike forhandlingar er vanskelege, og her er det snakk om å gje og ta, og det har vore ein ganske seigliva prosess, det er det berre å vedgå, seier ho.

Ho seier ho har eit godt håp om å få rydda opp i dei mange ogulike tolltariffane på fisk, og å oppnå ei betre ordning for Noreg enn før.

– Det er viktig å sikre full marknadstilgang til EU, sa ho då ho måndag kveld innleidde på ein konferanse i Brussel i regi av Norges Sjømatråd.

– Marknadstilgang for sjømat er ein hovudprioritet for regjeringa, sa ho.

Bytte til fisk med meining

Tollfrikvotane det vert forhandla om har frå norsk side vorte sett som kompensasjon Noreg har krav på gjennom Gatt-avtalen, som følgje av vekkfall av tidlegare frihandelsavtalar med dei fleste av dei nyaste EU-landa. Sidan EU-utvidinga i 2004

har Noreg framforhandla tollfrikvotar som har lege på mellom 144.000 og 170.000 tonn årleg til EU, ifølgje tal frå Norsk sjømatråd.

Som Nationen har skrivne tidlegare har store delar av desse tollfrikvotane vorte ståande ubrukte. Mellom 2011 og 2012 vart berre 25 prosent av ei årlege tollfrikvotane for eksport til EU brukte.

Ved dei førre forhandlingane med EU fekk Noreg årlege tollfrikvotar på nær 90.000 tonn frosen fisk av laks, sild, makrell, nær 68.000 tonn sildefiletar, 7000 tonn frosne, pilla reker og 6000 tonn bearbeidd sild. Kvotane gjaldt til 2013. Same år eksporterte Noreg i allt 1,4 millionar tonn fisk og sjømat til EU.

– **Kjem Noreg til å få full tollfrikvot til EU framover?**

– Ambisjonane må vere at vi minst skal ha det vi hadde sist. Det vil seie at vi skal ha betring

utover det. Så er det jo også slik at vi har hatt ein del kvotar frå norsk side som vi ikkje har kunna nytte. Altså fiskeslag som ikkje har vore aktuelle for oss, så noko av føremålet er no å få rydda opp i det, og få bytte til oss fisk som faktisk gjev meining jamført med eksporten til EU, seier Aspaker.

– **Kor mykje er du viljug til å gje frå norsk side?**

– Det er kronebeløpet inn til EØS-fondet, som er det vi no driv og diskuterer. Der har EU framleis større forventningar enn det vi frå norsk side er innstilte på å gje, men som sagt: Eg håpar at når vi nærmar oss Sankthans, så skal vi vere nærare eit resultat.

Fleire arbeidsplassar i Noreg

EU importerer per i dag 9 millionar tonn sjømat i året, og Noreg er hovudleverandør med rundt 20 prosent av leveransen målt i verdi. Høg toll på bearbeidd varer inn til EU, har gjort Noreg til ein råvareleverandør til fiskeindustrien i EU. Aspaker syner til at forsyningar frå Noreg åleine bidreg til 12000 arbeidsplassar i foredlingsindustrien i EU. Det er fleire arbeidsplassar enn i den norske fiskeforedlingsindustrien.

På spørsmål om Noreg får meir draghjelp frå nokre EU-land enn

andre i forhandlingane, svarar Aspaker følgjande:

– Det er ein ganske stor foredlingsindustri i EU som er veldig avhengig av desse kvotane og eksporten frå norsk side, og ein skal ikkje lenger enn til Sverige for å vite at dei no betalar over 20 prosent toll på silda dei tek inn til sildeforedlinga si. Vi veit jo også at land som Polen, Danmark og mange andre foredlar norsk laks og betalar dyrare for den enn dei elles skulle gjort. Så eg oppfattar jo at dei er samde i at vi må prøve å finne gode løysingar på det her, seier Aspaker.

– **Kva følger kan det få for norsk fiskeforedlingsindustri dersom Noreg får betre marknadstilgang på fisk til EU?**

– Eg trur jo at det vil vere høve til å foredle meir i Noreg, og at det vil vere avsetting også for det inn til EU. Så det er jo mitt store håp at vi skal både sikre arbeidsplassar i Noreg og kanskje få enda fleire arbeidsplassar i Noreg på foredlingsida, seier ho.

EVA AALBERG UNDHEIM
eva.undheim@nationen.no

nationen.no

Les meir på nationen.no

TØFFE RUNDAR

«Det har vore nokre tøffe rundar, men vi har brukt tida godt frå vi starta å forhandle i fjor.»

ELISABETH ASPAKER (H)
FISKERIMINISTER